

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
20.08.2024 24/7306- 18 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
16/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	27.08.2024

Drøftings sak - behovet for fysisk møte 30.10.2024

Vestlandsrådet - arbeidsutval 27.08.2024 - sak 16/24

Behandling

Vedtak:

Arbeidsutvalet utsette avgjerda til møte i Vestlandsrådet 10.09.2024 om møtet 30. oktober 2024 skal gjennomførast, og om dette eventuelt blir gjennomført fysisk som tidlegare skissert eller digitalt (Teams).

Innstilling:

Saka leggest fram utan innstilling.

Bakgrunn

Det har blitt stilt spørsmål om behovet for eit fysisk møte i Vestlandsrådet 30.10.2024, og om det er nok saker til et rådsmøte da.

Møtet 30.10.24 var fastsett i Vestlandsrådets møte 11.01.2024, og det har frå administrasjonen blitt skissa at dette skal være eit fysisk møte i Haugesund/Rogaland, og da med utgangspunkt i Samarbeidsavtalen og fordelinga mellom fylke nemnd der.

I Samarbeidsavtalen står det skrevet:

"§ 7 Møter i Vestlandsrådet

Det vert normalt halde minst tre møte i året. Møta skal så langt råd er fordelast på dei tre samarbeidande fylka. Når AU finn det tenleg, kan eit møte leggst til andre stader."

Med møtet i Bergen 10.09.2024 har vi i 2024 hatt 3 møter. Og møtet i april vart av praktiske årsaker lagt til Oslo.

Vurdering

Eit alternativ er at møtet 30.10.24 - dersom det er behov - i staden arrangerast som eit Teams-møte, og at Rogaland vert prioritert som møtestad i 2025.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør